

VEDTEKTER, LOM KNIPSARLAG.

Revidert og vedteke på årsmøte 2019.

- 1) FORMÅL: Lom Knipsarlag skal ha til formål å fremje interesse for fotografering og ta vare på bilete som har lokal historisk og kulturell interesse.
- 2) MEDLEMSKAP: Den som ynskjer det, kan bli medlem i Lom Knipsarlag. Medlemskap føreset at årskontingenten vert betalt. Medlem som skuldar kontingent for meir enn eitt år vert stroke som medlem.
- 3) ÅRSMØTE: Det skal haldast årsmøte innan utgangen av februar. Årsmøte skal innkallast med to vekers varsel, og er underlagt dei same reglar som gjeld for årsmøte.

Årsmøte skal ha fylgjande dagsorden:

- 1) Opning
- 2) Årsmelding
- 3) Revidert rekneskap
- 4) Innkomne forslag
- 5) Fastsetja medlemskontingent
- 6) Godkjenning av årsplan
- 7) Val av styre, 2 revisorar og 2 medlemmer i valkomite.

Forslag som ein ynskjer framsett og behandla på årsmøte lyt vera innsendt til styre innan 7 – sju – dagar før møtedato.

Når det vert kravd av ein tredjedel av medlemene, skal det haldast ekstraordinært årsmøte. Ekstraordinært årsmøte skal haldast snarast, eller innan to månader.

Ekstraordinært årsmøte skal innkallast med to vekers varsel og innehalde melding om kvifor møtet skal haldast.

Årsmøte er vedtaksført når minst 7 medlemmer er til stades.

VAL:

- 1) Årsmøte vel styre
- 2) Styret skal bestå av 5 medlemmer og 1 varamedlem.
- 3) Leiar skal veljast ved særskilt val – kvart år.
Dei andre styremedlemene kan veljast under eitt.
Dei blir valde for to år om gongen, men slik at to er på val kvart år.
- 4) Kvart år veljast 1 varamedlem
- 5) Det skal veljast 2 revisorar, og 2 medlemmer til valkomité for to år om gongen.

4) STYRE

Styret er vedtaksført når 3 medlemmer er til stades.

Leiar representerer styret og Lom Knipsarlag. Leiar kan ikkje binde medlemmene økonomisk utan å ha innhenta fullmakt frå eit medlemsmøte eller årsmøte.

5) STYRET PLIKTAR: Å sjå til at aktivitetane står i høve til Lom Knipsarlag sin økonomiske bæreevne.

Snarast råd etter årsmøte, skal styret halda konstituerande møte der det vel sine arbeidsordningar og oppgåver som er i tråd med formålsparagrafen.

Det skal utarbeidast ein plan for året, som skal leggjast fram for årsmøte til godkjenning.

Det skal førast protokoll for årsmøter og styremøter.

6) MEDLEMER SINE PLIKTER:

Lom Knipsarlag sine medlemmer pliktar å halde seg til reglement og arbeidsordningar, som styret fastlegg. Kwart medlem har personleg ansvar for klubben sine eigedelar ved lån eller bruk av desse. Om skade oppstår og dette skuldast aktløyse, fastset styret storleik på erstatning.

7) AVVIKLING AV

LOM KNIPSARLAG: Ordinært årsmøte avgjer om Lom Knipsarlag skal avviklast, da med 2/3 fleirtal av dei gjevne røystene. Ved avvikling av laget, skal eigedelar seljast for å dekkje inn eventuell gjeld. Eigedelar som er att etter at gjeld er gjort opp, tilfell Lom Heimbygdslag.

8) VEDTEKTS- ENDRING:

Vedtektsendring kan berre gjerast av årsmøte, da med 2/3 fleirtal av dei gjevne røystene.